

# Vilkårleg tradisjon?

## Nærblikk på Hallfrid Christiansens *Norske målførekart*

Av Rune Røsstad

*Hallfrid Christiansens Norske målførekart frå 1969 står sentralt i norsk dialektologi. Karta syner utbreiinga av velkjende einskildfenomen i talemålet, og dei har vore eit viktig grunnlag for kart i mange fagbøker og lærebøker sidan. Siktemålet for artikkelen er å finne fram til kva for kjelder desse karta byggjer på, og med det få ei betre forståing av nokre sentrale sider ved den dialektologiske kunnskapen og korleis denne kunnskapsmassen er blitt til over tid. Granskinga er avgrensa til Vest-Agder fylke og nokre utvalde kart i HC69: kart for endingsvokalismen i bunden form eintal av ho-kjønnssord, utviklinga av gno. ll og "Oppmyking av p t k" (lenisering). Utforminga av desse karta blir jamført med dei kjeldene for geografisk talemålsvariasjon i Vest-Agder som låg føre i 1969. Denne jamføringa viser mange avvik mellom kjeldene og karta, og det er vanskeleg å slå fast kva som har vore datagrunnlaget for utteikninga av dei.*

### 1 Innleiing

I norsk dialektologi står dei geografiske karta sentralt. Dei er meinte å visualisere den variasjonen som utgjør norske dialektar, og dei er brukte i nær sagt alle innføringar om emnet. Sjølv om karta varierer i storleik og utforming, viser det seg at mange av dei går attende på eitt og same opphavet: Hallfrid Christiansens *Norske målførekart* frå 1969 (HC69). Dette er ei lita samling kart som med grenser og skraveringar gjev oversikt over utbreiinga av nokre av dei mest kjende einskildfenomena i norsk talemål. Karta er detaljerte, og syner kommuneinndelinga slik ho var før samanslåingane i 1960-åra. Kartsamlinga er utan verbaltekst, og det er ikkje opplyst noko om kva for materiale, litteratur eller datagrunnlag ho byggjer på. Samlinga blei utgjeven posthumt av Norsk Målførearkiv (HC døydde i 1964), og karta blei teikna av Eric Papazian på grunnlag av utkast eller forelegg av HC.<sup>1</sup>

Før HC69 var det heller lite bruk av dialektkart. Mest kjende er nok karta i Christiansen 1946–48. Bortsett frå at det der ikkje er kart over utbreiinga av dativ, gjeld desse dei same språklege fenomenena som i HC69, men dei er i mindre målestokk og syner ikkje kommunegrenser. Det er nærliggjande å tru at det kan vere ein samanheng mellom utarbeidingane av dei to kartsamlingane. I Christiansen 1946–48 er det heller ikkje opplyst noko om kjelder for utforminga av karta. Derimot er framstillinga nokså detaljert når det gjeld geografisk utbreiing av mange einskildfenomen, ofte meir detaljert enn det som går fram av den vesle målestokken på karta.

Norsk Målførearkiv utarbeidde på 1950- og 60-talet ei mengd kart på grunnlag av innsamla materiale frå heile landet, såkalla oppskrifter som blei førte inn i ein *synopsis*. Meininga var å gje ut ein norsk *dialekt-atlas* (jf. Hoff 1960), som skulle vere ei stor samling kart over geografisk variasjon i norsk talemål. Planane må derimot ha stranda, og lite er blitt publisert av dette grunnlagsmaterialet. Mange av karta blei teikna av J.A. Schulze, og hist og her finn ein somme av dei direkte attgjevne (t.d. Hoff 1960, 1967 og Beito 1973). Skjekkeland har også nytta nokre kart av Schulze, mellom anna eitt som syner utbreiinga av gno. *ld* (1997: 259). Elles går karta i Venås 1967 og 1974 attende på gransking av mellom anna oppskriftene og synopsisen i Norsk Målførearkiv. Desse gjeld språklege fenomen innom verbbygging som HC69 ikkje har kart for, og dei har dermed vore noko nytta i nyare framstillingar (t.d. Sandøy 1985: 94ff., Skjekkeland 1997: 270ff., Papazian og Helleland 2005: 76 og 79). Utover det ser det ut til å vere HC69 som står som den sentrale kjelda for mange av dei som har utarbeidd kart etter 1969.

Ei mykje brukt innføring i norske dialektar var lenge Helleland og Papazian 1973 og 1981. På kolofonsida står det her at “[k]arta er teikna av Hallfrid Christiansen og utlånte frå Norsk Målførearkiv” (1973/1981: 2). Elles er det ikkje opplyst noko om kjelder, men ein kan sjå at karta som syner utbreiinga av einskildfenomen, er identiske med karta i HC69. Det gjeld alle, bortsett frå dativkartet (1973: 42, 1981: 43), som avvik noko frå det tilsvarande i HC69. Vidare er nesten alle karta frå HC69 direkte kopierte i Skjekkeland 1977 (s. 133–53); dei einaste avvika er at HCs kart for utviklinga av trykklette utlydande vokalar i Nord-Noreg er skifta ut

1. Opplysning på e-post av Eric Papazian 14.06.2007.

med eit kart etter J.A. Schulze frå 1966 (s. 137), og dativkartet (s. 151) er det same som i Helleland og Papazian 1973 (s. 42). Skjekkeland har også fleire kart etter J.A. Schulze, som syner andre språklege fenomen, og han har kart etter Venås 1967 og 1974, som gjeld verbformer. Direkte kopiering av HCs kart finn me også døme på i Sandøy 1985 (s. 91, 100, 106). I tillegg er her eit utval kart teikna på nytt, i mindre målestokk, på grunnlag av mellom anna HC69, blir det oppgjeve (m.a. s. 74, 79, 94, 105). I Sandøy 1996 er nesten alle karta frå HC69 kopierte, då som vedlegg (1996: 229–42). Derimot er HCs kart for utviklinga av gno. // skifta ut med eit liknande (s. 243), men utan at kjelde er oppgjeven; det er truleg teikna av Sandøy sjølv.

Også i andre innføringsbøker i dialektologi går det fram at HC69 er kjeldegrunnlag for utteikning av dialektkarta. I både Vigeland 1995 og Skjekkeland 1997 er det slik. Hos Vigeland gjeld det nesten alle karta (1995: 111), hos Skjekkeland nærare halvparten (jf. 1997: 249). Hos begge er karta nyteikna i mindre målestokk; Vigeland har med fylkesgrensene, Skjekkeland har ikkje. Nesten alle karta frå HC69 er representerte i desse to bøkene. Vigeland har ikkje med kartet for trykklette utlydande vokalar eller kartet for r-bortfall i ubunden form fleirtal av substantiv, og Skjekkeland har eit anna dativkart (s. 267) enn det som står i HC69, eit som er teikna av Eric Papazian i 1981. Skjekkeland opplyser vidare dette: “På ein del av karta er målføregrensene justerte i samsvar med opplysningar eg har fått frå ulike kollegaer i fagmiljøet” (1997: 249). Kva for kart eller opplysningar det dreier seg om, er ikkje nemnt.

Ei endå nyare bok om norske dialektar er Papazian og Helleland 2005, som byggjer på dei tidlegare utgjevingane av same forfattarane (Helleland og Papazian 1973 og 1981). I den nye boka har ein brukt det same grunnlagskartet som tidlegare, med dei gamle kommunegrensene. Karta er likevel teikna på ny, og her og der ser ein at grensestrekaner er justerte i forhold til dei tidlegare utgjevingane. I tillegg er det teke med nokre kart etter Foldvik 1988 (s. 67) og etter Venås 1967 og 1974 (s. 77 og 79). I innleiinga til boka står det:

Karta byggjer på Hallfrid Christiansen sine når ikkje andre kjelder er oppgjevne. Men vi har stundom forenkla dei noko, og “modernisert” dei når vi har opplysningar om at eit målmerke knapt er bruka lenger i eit område. (2005: 10)

I somme andre fagbøker finn ein også døme på bruk av kart som er nyteikna på grunnlag av HC69. Både Braunmüller 1998 (s. 246) og Otnes og Aamotsbakken 1999 (s. 236) har kopi av dialektinndelinga i Vigeland 1995 (s. 113ff.). Vigeland oppgjev inga kjelde for dette kartet, men det må vere utarbeidd på grunnlag av mellom anna kartet for kløyvd infinitiv (s. 117ff.), som altså har HC69 som kjelde. På same viset byggjer karta i Askeland m.fl. 1996 (s. 146ff.) på Vigeland 1995, men dei ser ut til å vere teikna på ny ut ifrå det same grunnlagskartet; begge bøkene er gjevne ut av Universitetsforlaget.

Me kan med dette slå fast at når det gjeld sentrale innføringar i norsk dialektologi etter 1970, er HC69 den viktigaste kjelda for attgjeving og nyteikning av dialektkart. Dei mest kjende einskildfenomena i talemålet blir visualiserte på denne måten, og det er stort sett berre når ein vil ha med fleire fenomen, at andre kjelder blir nytta, som til dømes Venås 1967 og 1974. Dei nyteikna karta er helst i mindre målestokk, og framstår såleis som mindre nøyaktige eller mindre fokuserte på geografiske detaljar. Det faglege grunnlaget er likevel det same.

Når det derimot gjeld lærebøker for grunnskolen og den vidaregåande skolen, er det for dialektkarta som regel ikkje opplyst noko om kjeldegrunnlaget. Her er karta helst nyteikna, i liten målestokk og i fargar, sjå til dømes Berg og Guldal 1985 (s. 98ff.) og Bonde m.fl. 1998 (s. 316ff.). I sistnemnde er dei nye kommunegrensene likevel komne med, noko som inviterer til å fokusere på geografiske detaljar, om ein skulle vere interessert. Karta i lærebøkene må likevel vere utforma på grunnlag av eitkvart, og det er god grunn til å tru at hovudkjelda i dei fleste tilfella er HC69 eller dei ovannemnde framstillingane som byggjer på mellom anna HC69. Utover det kan godt karta i Christiansen 1946–48 vere brukte; dei er i mindre målestokk, er mindre detaljerte, og liknar såleis på karta i mange av lærebøkene. I boka *Tema 3* (Jansson m.fl. 2003), som er skriven for den vidaregåande skolen (VK2), er det 8 dialektkart (s. 221–28). Ifølgje Olav V. Hauge i Det Norske Samlaget er “NRK-heftet” (dvs. Helleland og Papazian 1973/1981) og “Hallfrid Christiansen” to viktige kjelder for dei fleste karta i boka, i tillegg til “kart frå dialektboka til Bjørn Vigeland” (ikkje karta for skarre-r og diftongforenkling).<sup>2</sup> Hauge opplyser også at karta er justerte på grunnlag av diverse kjelder, mellom anna “fagkunnskap hos forfattarar og forlag.” Dette er visstnok for å få

2. Opplysning på e-post av Olav Væhle Hauge 22.06.2007.

beskrivinga av talemålet meir i samsvar med bruken, noko som blir særleg aktuelt når temaet skal presenterast for ungdom. Ein annan type innføring i norske dialektar er nettkurset “DialektXperten” innafør prosjektet *Norsk talemål på nett*. Ragna Marie Tørdal, som står for kursutviklinga, skriv at “Grunnlaget for dialektkartene i DialektXperten er nyere lærebøker om norsk språk og dialektkunnskap”, i tillegg til kart i Helleland og Papazian 1973 og Jahr 1986.<sup>3</sup> I alle desse døma er altså HC69 den sentrale kjelda for utteikning av karta, men helst indirekte, ved at ein nyttar materiale som byggjer på HC69. Her synest Helleland og Papazian 1973/1981 å ha ein særleg posisjon.

## 2 Problemstilling og avgrensing

Kartsamlinga i HC69 gjeld brorparten av dei språklege variablane som ein reknar som dei ‘viktigaste’ i norsk talemål, og detaljane i karta gjev inntrykk av soliditet og nøyaktigheit i grunnlagsarbeidet. Gjennomgangen ovafor viser også at kartsamlinga har status som autoritativ kjelde for heilt sentrale delar av norsk dialektologi, ikkje berre i læreboksamanheng, men også i tyngre innføringar, som til dømes Sandøy 1996 og Skjekkeland 1997. Dette er noko underleg når HC69 ikkje har nokon tilvisingar til kjelder eller til grunnlagsmateriale. Fagfolk flest reknar vel HCs kart for å vere heller tradisjonelle og arkaiske, men når ein ikkje kjenner kjeldegrunnlaget, kjenner ein heller ikkje *graden* av tradisjon eller arkaismar. Dialektologien hadde på 1960-talet ei lang historie bak seg, og utgjorde ein kunnskapsmasse som var bygd opp over mange tiår. Samstundes var talemålet i endring, og innsamla data frå 1890 samsvarte ikkje utan vidare med det ein fann på 1950- og 60-talet. I utteikninga av dialektkart var det derfor ein del prinsipielle val ein kunne ta, i tillegg til at det var einskilde område som ikkje var like nøye utforska som andre. Ingen av desse prinsippa eller problema er gjorde greie for i HC69.

Heller ikkje er det greidd ut om *måten* å teikne karta på. No kan ein med eitt auge sjå at strekane på karta representerer *isoglossar* i motsetnad til såkalla *heteroglossar* (jf. Chambers & Trudgill 1980: 103ff.), men utover det kjenner ein ikkje til kor mykje ein variant må ha vore brukt for at eit område skulle kome på den eine eller andre sida av isoglossen.

3. Opplysning på e-post av Ragna M. Tørdal 22.06.2007.

Sandøy peiker på at “karta er laga ut frå ei språkhistorisk interesse der ein er interessert i maksimumsutbreiinga av visse drag” (2003: 204), noko som inneber at det kan ha vore så som så med bruken av språkdraga. Ein meiner å vite at det ikkje skulle mykje bruk eller mange informantar til for at ein variant skulle bli rekna som ‘typisk’, ‘eigentleg’ eller ‘opphavleg’ for eit område, men kva med dei områda der varianten var ute av bruk, samstundes som ein såg teikn på bruk i tidlegare tider? I somme tilfelle er spora til stades, til dømes i stadnamn, og i andre tilfelle er dei heilt borte, og spørsmålet er då korleis dette burde attgjevast på kart. Eit anna problemfelt er kva for variantar av ein geografisk variabel ein har interesse for. I somme tilfelle kan ein ha vore oppteken av maksimumsutbreiinga for dei variantane som er dei historisk opphavlege, som til dømes infinitivsending på *-a*, medan ein i andre tilfelle derimot kan ha vektlagt utbreiinga av innovasjonar, til dømes *dl* og *dd* av norrøn *ll*, eller lenisering av *p*, *t*, *k*. Når ikkje dei ulike interessene eller perspektiva på variablane er gjorde greie for, blir me også i tvil om kva karta eigentleg skal vise.

Om kjeldegrunnlaget skriv Sandøy følgjande: “Karta som står i mange bøker, bygger stort sett på opplysningar frå informantar som lærte å snakke kring 1900” (2003: 203f.). Sjølv om påstanden helst er meint som tydeleggjering av det tradisjonelle og arkaiske ved karta, inneber han at dei skal vere teikna på grunnlag av granskingar og innsamlingar av data i 1940-, 50- og 60-åra, sidan det var vaksne og særleg eldre menneske som var dialektologiens informantar. Og om dette er rett, har granskingsarbeida til tidlege dialektologar som Amund B. Larsen og Hans Ross hatt mindre å seie; dei nytta informantar som var fødde i god tid før 1900, gjerne før 1850, er det grunn til å tru.

Eg skal i det følgjande gå nærare inn på delar av grunnlaget for nokre utvalde kart i HC69. Siktemålet er å finne fram til kva for kjelder utforminga av karta eigentleg byggjer på, for derigjennom å kunne seie noko om og vurdere desse karta som står så sentralt i norsk dialektologi. Eit vidare siktemål ved granskinga er såleis å få ei betre forståing av nokre viktige sider ved den dialektologiske kunnskapen og korleis denne kunnskapsmassen er blitt til over tid.

Granskinga mi er avgrensa til Vest-Agder fylke og nokre utvalde kart i HC69. Sjølv om karta dels er valde ut på grunnlag av mistankar om at dei kan vere misvisande, er det liten grunn til å tru at dei skil seg særleg frå andre kart med omsyn til kjeldegrunnlag. Avgrensinga til Vest-

Agder har med omfanget å gjere, men er også føremålstenleg sidan dette fylket tradisjonelt har relativt mykje geografisk variasjon over korte avstandar. Dessutan går utforskinga av talemålet i Vest-Agder attende heilt til slutten av 1800-talet, og er med det eit godt døme på kunnskap som er komen til over lang tid.


I granskinga dreier det seg mykje om geografiske detaljar, gamle kommunegrenser og kvar isoglossane er teikna inn på karta. No kan ein seie at dette er ei tilnærming som har mindre interesse i faglege framstillingar i dag, noko som også blir understreka med bruk av kart som er i små målestokkar og utan administrative grenser. Til ein viss grad kan denne manglande interessa for detaljar nok skuldast fagleg skepsis til dei tradisjonelle dialektologiske framstillingane, til dømes til det at isoglossen er ein diskutabel storleik i beskrivingar av geografisk variasjon. Men først og fremst har nok interessemangelen å gjere med spriket mellom dialektologiens tradisjonsfokus og nyare former for talemålsending rundt om i heile landet. Frå ein moderne ståstad er dei geografiske detaljane blitt mindre relevante; til dels kan dei vere misvisande og forvirrande, særleg i formidlinga til dei som er unge.

På den andre sida er mange også opptekne av det nære og lokale, og det er i Noreg etter måten stor interesse for geografisk variasjon i talemålet. I dette biletet høyrer vektlegginga av *heimfesting* av dialektar med, og det er neppe for drygt å påstå at det i Noreg har vore ei forestilling om at einskilde dialektar kan heimfestast heilt ned på kommune- og bygdenivå. Nettopp dette var hovudsaka i fjernsynsprogramma “Har det på tunga”, som gjekk på NRK i 1984 og 1986. I eit hefte som blei laga i samband med programma (Jahr 1986), får ein demonstrert korleis ein ved å gå systematisk til verks kan kome fram til at eit talemål må vere frå heilt avgrensa geografiske område (sjå særleg s. 32f.). For å kunne gjere dette treng ein dialektkart, og sentralt på litteraturlista bak i heftet (s. 40) finn ein Helleland og Papazian 1981, som altså inneheld karta frå HC69. No var dette heftet – og fjernsynsprogramma – populærvitskapelege, men også i ei tyngre innføring som Sandøy 1985 får ein inntrykk av at det er mogleg å utføre nokså detaljerte heimfestingar av talemålsprøver. Detaljinstrykket får ein av fleire av demonstrasjonane Sandøy gjev, mellom anna av ei prøve som blir heimfesta til “bare Lyngdal og noen få bygder omkring” (s. 131). Dette kjem han fram til ved å jamføre eit utval kart, slik at han står att med eit svært avgrensa geografisk område. Med desse perspektiva på dialektlæra blir detaljerte dialektkart tillagde stor fagleg vekt,

det skjerpar merksemda på lokal variasjon og styrkjer nok førestellinga om homogene og opphavleg 'ekte' dialektar. I dag er slike innfallsvinklar tona kraftig ned i fagmiljøa, men som kjent tek det ofte lang tid før nye innsikter når skolen, lærebøkene og ålmenta elles.


### 3 Kart for endingsvokalismen i bunden form eintal av hokjønnsord i Vest-Agder

I HC69 er det to kart som syner den geografiske variasjonen for endingsvokalismen i bunden form eintal av hokjønnsord, eitt for linne og eitt for sterke hokjønnsord. Nedafor er det attgjeve to nyteikna utsnitt av dei aktuelle karta i HC69.



Kart 1: Linne hokjønnsord i bunden form eintal





Kart 2: Sterke hokjønnsord i bunden form eintal

Me ser at det i Vest-Agder er to variantar av endingsvokalismen i dei linne hokjønnsorda (-a og -o/-å), og tre variantar av dei sterke (-a, -æ og -å). Det nordlege området har dermed delt ending (-o/-å og -æ), området nærast kysten har endinga -a i begge kategoriar, og to åtskilde innlandsområde har endinga -o/-å i begge kategoriar. I tillegg er det eit mindre område (Vigmstad og den nordlege delen av Øyslebø) som har kombinasjonen -a i dei linne og -o/-å i dei sterke hokjønnsorda. Dette siste utgjør – om det samsvarer med faktisk språkbruk – eit fagleg problem som bør nemnast først.

Endinga -o/-å i bunden form eintal av begge kategoriar hokjønnsord finn me tradisjonelt i store delar av det sørvestnorske målområdet (Skjekkeland 1997: 133). Ein reknar med at denne endingsvokalismen kjem av at ein nasalert vokal [ã] kunne bli runda (Sandøy 1991: 206f.), noko som

då skjedde med linne hokjønnsord. At så også sterke hokjønnsord fekk denne endinga i nokre område, blir forklart med analogi til dei svake (Skjekkeland 1997: 132). Ut ifrå dette vil det vere rimeleg å vente at former som *bygdo/bygdå* (sterke hokjønnsord) berre finst der det er same ending i linne hokjønnsord (*viso/viså*). Derimot er det på HCs målførekart altså nokre avvik frå dette mønsteret i Vest-Agder, ved at Vigmostad og den nordlege delen av Øyslebø skal ha formene *bygdå*, men *visa*. Det same gjeld ein ørliten flik av Sokndal heilt aust i Rogaland fylke. Me kunne tenkje oss heile fire ulike forklaringar på dette problemet:

- 1) Teorien om nasalering og analogi er ikkje rett.
- 2) Endinga *-a* er komen inn på ny i dei linne hokjønnsorda, men ikkje i dei sterke.
- 3) Grunnlaget (data) for utteikning av karta er gale, misvisande eller ikkje synkront.
- 4) Karta er ikkje nøyaktig teikna i forhold til grunnlaget (data).

I det følgjande skal eg ta føre meg utforskinga av den geografiske distribusjonen for desse endingsvokalismene i Vest-Agder. Gjennomgangen vil vise at det er forklaringane 3) og 4) som er dei mest aktuelle.

### 3.1 Amund B. Larsen

Amund B. Larsen knyter dei vekslande endingane i bunden form eintal av hokjønnsorda til om måla er *a*-mål eller ikkje, men seier det berre er dei linne som avheng “ligefrem av dette forhold” (1890–91: 245). Vidare skriv han då om dei linne hokjønnsorda:

Hvor disse i ubest. form har utlydende **a**, pleier den bestemte at have *å* [...] således i Hordnes, Løvdal og tildels Øslebø af Holme, i Bjelland, Åseral, N. Undal, Kvås i Lyngdal, Hægebostad, Fjotland, Bakke, Siredal [...] kysten fra Spangereid til Vanse og Liknes har *a* både i ubestemt og bestemt form (1890–91: 245f.)

Denne geografiske avgrensinga går attende på den avgrensinga Larsen tidlegare har gjort av *a*-mål, som ifølgje han finst dels i Hornnes (i ubunden form av linne hokjønnsord), og i Mandalsdalen “ovenfra og lidt ned i Holme (‘indtil Øslebø kirke’ er der bleven mig sagt), i S. Undal formodl. lidt ned i Valle” (1890–91: 240f.). Larsen ser her ut til å bygge på heimelsfolk, utan å ha observert eller spurt om dette på staden.

Når det gjeld endinga *-æ* i sterke hokjønnsord, opplyser Larsen at den finst i “de øvre dele af Lister og Mandals amt (Åseral, Grindem, væsentlig Bjelland, Eken, væsentlig Hægebostad, Fjotland, Siredal) [...]” (1890–91: 250). Vidare skriv han:

Grænserne for *a*-lyd som fælles hunkjønnsartikkel for sterk og svag bøining [...] omslutter [...] Øvrebø, Holme og tildels Øslebø sogn i Holme pgd., Valle i Søndre Undal, Å i Lyngdal, Liknes og Fede i Kvinesdal, Hered og Vanse; om Nes og Hiterø ved jeg ingen besked. (1890–91: 250f.)

Og vidare:

Imellem de mandal-listerske kystmål med *a* ved alle fem. og de øverste bygder med *æ* ved stærke, *å* ved svage er der en stribe, som har *å* ved alle, nemlig Løvdal og tildels Øslebø i Holme, Finsland og tildels hovedsognet Bjelland, Nordre Undal, Kvås i Lyngdal, tildels Hægebostad, rimeligvis Bakke og Gyland. (1890–91: 252)

Med dette blir det nokre avvik i forhold til det han har skissert tidlegare, men det at Finsland og Gyland ikkje blir nemnde før her, er gjerne ikkje anna enn ei utegløyming. Ser me derimot på dei tilhøyrande karta som Larsen publiserte like i ettertid (Larsen 1892), er det fleire avvik. Rett nok er desse nokså stiliserte med mange rette strekar, men i vestre Vest-Agder er både Nes og Hydra komne med i området med endinga *-å* i begge kategoriar, dette trass i at Larsen seier han har manglande opplysningar om desse stadene (jf. sitatet ovafor, 1890–91: 250f.). Vidare, når det gjeld endinga *-å* i begge kategoriar, har Larsen med både Vigmostad og noko av Øslebø i siste sitatet (Vigmostad utgjør sørlege delen av Nordre Undal). I Larsen 1892 presiserer han dessutan noko av dette, ved å seie at fellesendinga *-å* “rækker efter Ross noget ned i Valle sogn”, det vil seie nord i Sør-Audnedal, som ligg sør for Vigmostad. Dette er derimot ikkje attgjewe på kartet frå 1892, som på grunn av den stiliserte forma truleg ikkje er meint å skulle takast for bokstavleg, reint geografisk sett. Elles nemner ikkje Larsen Hægeland blant dei områda som har endinga *-å*, men han seier derimot at Øvrebø har *-a* i begge kategoriar (1890–91: 250f.), og om han då siktar til prestegjeldet, er Hægeland inkludert der (jf. Helland 1903: 4).

For å summere dette opp: Når det gjeld endinga *-a* i både linne og sterke hokjønnsord, gjev Larsen opp desse områda (berre grenseområda

er nemnde): Hægeland (truleg), Øvrebø, sørlege Øyslebø, midtre Sør-Audnedal (Valle), Å i Lyngdal, Liknes og Feda i Kvinesdal. Heilt i vest er han usikker; han skriv at Gyland og Bakke truleg har *-å*, men han er uviss på Nes og Hidra i sør. Denne beskrivinga samsvarer tolleg greitt med kartet for sterke hokjønnsord i HC69 (attgjeve ovafor), bortsett frå at heile Sør-Audnedal der står med *-a*. Når det gjeld Kvinesdal, nemner Larsen berre den sentrale kyrkjestaden Liknes, medan grensa i HC69 omsluttar heile (den gamle) Kvinesdal kommune. I vest er Gyland og Bakke førte opp med *-å*, Nes og Hidra med *-a* i HC69. Når det så gjeld kartet for linne hokjønnsord i HC69, er derimot avvika fleire: Her har vestre Hægeland *-å*, nordre Øyslebø, Vigmostad og nordre Sør-Audnedal har *-a*, heile Kvinesdal har *-å*, og heilt i vest er isoglossen teikna beinveges gjennom Feda, Nes og Hidra, slik at nordområda i desse kommunane får *-å*-ending og ikkje *-a* som hos Larsen.

Ser me på endinga *-æ* i sterke hokjønnsord, så finn me den ifølgje Larsen i Åseral, Grindheim, det meste av Bjelland, Eiken, det meste av Hægebostad, Fjotland, Tonstad og Øvre Sirdal (Larsens "Siredal" omfattar helst både Tonstad og Øvre Sirdal, jf. Helland 1903: 5). På dette punktet er det på HCs kart for sterke hokjønnsord nokre få avvik. Det mest markerte gjeld Tonstad, som ifølgje HC har fått *-å*-ending, bortsett frå i nord-aust, der det berre er liten busetnad. Elles er heile Bjelland kome med i *-æ*-området, men når det gjeld Hægebostad, går isoglossen gjennom kommunen, slik Larsen seier.

Ifølgje Larsens framstilling er det slik at alle områda som har endinga *-å* i dei linne hokjønnsorda, har anten *-å* eller *-æ* i dei sterke. Skal me lese karta i HC69 under eitt, kjem det to område i tillegg: eitt område med kombinasjonen *-a/-å* (Vigmostad, nordlege Øyslebø), og to åtskilde område med kombinasjonen *-å/-a* (vestre Hægeland, Kvinesdal, og delar av Feda, Nes og Hidra).

Totalt er det altså fleire diskrepansar mellom Larsen 1890–91 og 1892 og HC69, noko som tyder at HC må ha brukt andre kjelder i staden eller i tillegg. Samsvaret er best når det gjeld HCs kart for sterke hokjønnsord, men heller ikkje det er utan avvik.

### 3.2 *Hans Ross*

Om den geografiske fordelinga av endingsvariantar skriv Ross at det er eins ending "*å* ell *o*" i begge kategoriar hokjønnsord i "noko-lite av Mid-VestAgder", *-a* i "strandbygdirne i Vest-Agdir", medan det er *-æ* i sterke

hokjønnsord i “Aaserall, Bjelland, Grindum, Hægebostad, Fjotland o Sirdal” (1905: 21). Det siste blir seinare presisert på ny, men modifisert til “i mesto heile Bjelland sokn” (1909: 70).

I målprøvene (1909: 84ff.) nyttar så Ross mellom anna desse formene (modifiserte frå ei norvegia-liknande skrift): *sorgå, mourå, sjødnå, kjerrå, joulå, kjettå, rumpå, brønnå* (Øyslebø, Laudal og Finsland), *jæntå* (Vigmostad), *jæntå, stovå, grannekånå, kjæringjæ* (Fjotland), *tiæ, kjæddingjæ* (Grindheim).

Ross’ dialektkart (1905) er i heller liten målestokk og dermed lite detaljerte. Særleg dårleg får han fram områda med den felles endinga *-å*, og det er såleis ikkje eit brukande grunnlag å byggje detaljerte beskrivingar på. Elles er Ross i både tekst og målprøver nesten heilt i samsvar med Larsen 1890–91. Også han skriv at Sirdal (Tonstad og Øvre Sirdal, jf. Helland 1903: 5) har endinga *-æ* i sterke hokjønnsord, og av målprøvene går det fram at *-å* finst i linne hokjønnsord i både Øyslebø og Vigmostad. Det som skil Ross frå Larsen, er at sistnemnde har med Nes og Hidra i området som har *-å* i begge kategoriar (på kartet, Larsen 1892), medan Ross altså seier det er *-a* i “strandbygginne” (1905: 21).

Dette siste *kan* HC ha brukt i utteikninga av kartet for endinga i sterke hokjønnsord, for der figurerer Nes og Hidra med endinga *-a*. Utover det kan HC neppe ha brukt Ross 1905–09 for ei eventuell justering av målførekarta sine – med eitt mogleg unntak – og heller ikkje for ei detaljert utteikning av dei, i og med at Ross er nokså generell på det geografiske. Det eine unntaket gjeld kartet for endinga i linne hokjønnsord i HC69. Her følgjer variant-grensa (isoglossen) for ein stor del administrative grenser, men frå Kvinesdal og vestetter ser det litt meir tilfeldig ut, ved at grensestreken er teikna heller rett og deler fleire kommunar på ein noko tilfeldig måte. Dette mønsteret *kan* vere grunna på Ross’ påstand om at “strandbygginne” har *-a* som ending i begge kategoriar, men det ser noko underleg ut at grensa er teikna som ein rettlinja strek tvers gjennom tre kommunar.

### 3.3 Torleiv Hannaas

Hannaas skriv at sterke hokjønnsord endar på *-æ* i bunden form i Åseral, Grindheim, Bjelland, Eiken, Hægebostad, Fjotland, Kvinesdal og Sirdal. Om linne hokjønnsord seier han at dei endar “på *-å* alle stader der dei sterke endar på *-å* eller *-æ*, det vil segja i fjellbygdene og midbygdene” (1925: 23). I målprøvene hans finn me mellom anna desse formene (s.

27ff.): *joræ*, *barselkøna*, *kjørkja* (Bjelland), *gjentå* (Laudal), *beddå*, *kåna*, *norslå*, *soksa* (Hægebostad), *døræ*, *åsgoreia*, *Bjellandsbrunæ* (Kvinesdal). Formene *barselkøna* og *kjørkja* frå Bjelland samsvarer ikkje med Hannaas' eigne ord, men står i ei segn han har ifrå Lunde 1924. Elles er påstanden om *-æ* i sterke hokjønnsord i Kvinesdal ikkje samsvarande med Larsen og Ross, og dei er heller ikkje komne med i HC69. HC kan difor ikkje ha nytta Hannaas 1925 i utteikninga av desse to målførearkarta.

### 3.4 Synopsisen i Norsk Målførearkiv

I Norsk Målførearkiv er Vest-Agder representert ved to synoptiske oversyn, eitt for den austre delen av fylket og eitt for den vestre. Kva tid desse oversyna hadde fått den endelege forma som dei har i dag, er noko uvisst, men det er grunn til å tru at dei fleste innføringane var på plass i løpet av 1960-åra (jf. Hoff 1960: 598), og oppskriftene dei byggjer på, var mest alle komne inn til arkivet innan midten av tiåret. Somme kommunar manglar i synopsisen, mellom anna Konsmo, Kvås og Tonstad, og ikkje alle oppskriftene synest å vere heilt etter dei prinsippa ein tenkte seg då arbeidet tok til (jf. Hoff 1960). Somme oppskrifter er ikkje i lydskrift, og somme oppskrifter byggjer på ekserpering av eldre beskrivingar av ein-skilde dialektar (mellom anna Seip 1915, Kydland 1940). Såleis er det stor tidsmessig spennvidd i materialet, i tillegg til det at andre prinsipp for innsamlingsarbeidet heller ikkje er gjorde greie for.

Spørsmålet er då om HC kan ha brukt synopsisen som kjelde for utteikninga av karta, eventuelt for justering av grensene. Svaret på det synest negativt. Hægeland er i synopsisen ført opp med *-a* i begge kategoriar, noko som samsvarer med Larsen 1890–91, medan HC altså har *-å* i linne hokjønnsord i vestre Hægeland. Vidare er Øyslebø og Vigmostad førte opp i synopsisen med endinga *-å* i begge kategoriar hokjønnsord, Øyslebø rett nok med nokre døme med *-a* som alternativ, noko som best kan forståast som ei presisering av at det er variasjon. På HC's kart har derimot Vigmostad og den nordlege delen av Øyslebø berre *-å* i sterke hokjønnsord. Elles kan synopsisen heller ikkje vere grunnlag for HC's plassering av grensa mellom *-a* og *-å* i linne hokjønnsord vest i Vest-Agder. Kvinesdal er nemleg her – av to oppskrivarar – ført opp med *-a*, medan HC inkluderer det i *-å*-området. Det same gjeld for størstedelen av Nes. Når det så gjeld endinga *-æ* i sterke hokjønnsord, har synopsisen ikkje med Bjelland, noko alle dei ovannemnde granskarane hadde, og som også er med på HC's kart. Heller ikkje er Tonstad representert i sy-

nopsisen, og dermed har ein ikkje her noko grunnlag for at HC gjev opp endinga *-å* i begge kategoriar, på tvers av både Larsen og Ross.

### 3.5 *Inger Frøyset*

Ser ein på det som er skrive om einskilde dialektar og mindre målområde i Vest-Agder før 1969, er det lite å leggje til i denne samanhengen. Det meste samsvarer med opplysningane i synopsisen, som jo i nokre tilfelle også byggjer på nettopp dei eldre beskrivingane. Noko er det likevel å nemne. Inger Frøyset presiserer i *Torridalsmålet* (1957: 303) at vestre Hægeland har endinga *-å* i linne hokjønnsord og *-æ* i sterke. Sidan dette ikkje er nemnt av verken Larsen, Ross eller Hannaas, skulle ein tru at HCs kart for endinga i linne hokjønnsord kunne vere justert etter Frøyset. Men når det gjeld endinga *-æ* i sterke hokjønnsord, er derimot Frøysets opplysningar ikkje tekne omsyn til; HC har då endinga *-a* for heile Hægeland. HC synest heller ikkje å ha teke omsyn til det Frøyset skriv om måla i Mandalen (1969: 400), for der er *-å* oppgjeven som ending i begge kategoriar i *a*-målet, det vil seie i nordlege delar av Øyslebø. HC har, som tidligare nemnt, berre *-å* i dei sterke hokjønnsorda, og om ho har nytta Frøysets granskningar i utforminga av karta, har ho i så fall vore noko selektiv.

### 3.6 *Oppsummering*

Gjennomgangen syner at det er vanskeleg å slå heilt fast kva for kjelder Hallfrid Christiansen har hatt som grunnlag for utteikning av karta for endingsvokalismen i bunden form eintal av hokjønnsord i Vest-Agder. Når det gjeld kartet for sterke hokjønnsord, kan ho ha teikna det meste på grunnlag av Larsen 1890–91 og justert ein detalj i det etter Ross 1905. Det som avvik mest, er at ho fører opp Tonstad med endinga *-å*, som det ikkje er grunnlag for i noko av det moglege grunnlagsmaterialet. Endå meir påfallande blir dette når Tonstad tvert om skal ha *-æ* som tradisjonell form, som i Øvre Sirdal (Særheim 1992: 30). Av anna å merke seg er det at isoglossane på kartet går gjennom både Øyslebø og Hægebostad kommunar, noko som altså samsvarer med Larsen 1890–91. Men då er det samstundes underleg at verken Bjelland eller Audnedal, som ifølgje Larsen også har variasjon, ikkje er teikna med tilsvarende grensestrekar gjennom kommunane.

Endå vanskelegare er det å sjå grunnlaget for kartet for linne hokjønnsord. Somme detaljopplysningar frå andre moglege kjelder kan

tenkjast å forklare avvik frå Larsen 1890–91, som t.d. Frøysets opplysning om at vestre Hægeland har endinga *-å* i linne hokjønnsord (1957: 303), men slike opplysningar er i så fall valde ut heller tilfeldig, jf. at Frøyset same staden opplyser at vestre Hægeland har endinga *-æ* i sterke hokjønnsord, utan at det er kome med på HC's kart. Mest iaugefallande er likevel avvika vest i fylket, der HC har teikna isoglossen mellom Lyngdal og Kvinesdal og gjennom Feda, Nes og Hidra. Bortsett frå Ross, som seier det er *-a* i "strandbygdirne" (1905: 21), er det ikkje noko kjeldegrunnlag for dette. I ettertid har dette også vore rekna som galne opplysningar; i Skjekkeland 1978 (s. 136) er isoglossen teikna slik at området med *-a*-ending omsluttar heile kommunane Kvinesdal, Feda, Nes og Hidra, truleg på grunnlag av forfattarens eigen lokalkjennskap (Skjekkeland er sjølv frå Kvinesdal).

I det heile er det påfallande at ikkje dei to karta i HC er meir synkroniserte, i og med at framstillingane i moglege grunnlagsmateriale som Larsen 1890–91 og Ross 1905/1909 er det. Både Larsen og Ross opererer med tre område: eitt med *-a* i begge kategoriar hokjønnsord, eitt med *-å* i begge, og eitt med kombinasjonen *-å/-æ*, medan den manglande synkroniseringa mellom HC's kart gjev endå to kombinasjonar, der i alle fall éin kombinasjon (*-a/-å*, Vigmostad, nordlege Øyslebø) framstår som språkhistorisk lite sannsynleg.


I ein artikkel frå 1985 har Gjert Kristoffersen sett nærare på grensa mellom endingane *-o* og *-å* i sterke hokjønnsord i Ryfylke. Eitt av poenga hans er at grensa truleg er plassert feil på HC's kart, og at seinare granskarar likevel berre har reprodusert denne plasseringa, trass i at feilen burde ha vore kjend for dei (s. 96f.). Vidare søker Kristoffersen å spore kva for kjelder HC kan ha nytta for å plassere grensa. I den grad ho har bygt på skriftleg materiale, ser her Ross 1909 ut til å vere den mest aktuelle kandidaten (ibid.: 97f.), men det er likevel usikkert, sidan ho ikkje har greidd særleg ut om kjeldebruken sin.

#### 4 Kart for utviklinga av gno. *ll* i Vest-Agder

Christiansen 1969 (s. 8) har eit kart som syner utviklinga av gno. *ll*. Vest-Agder er her tre-delt: Langs kysten og inn i landet i aust står *ll* (t.d. i *alle*) ved lag, eit sentralt innlandsområde har fått *dd* (*adde*), og det vestre innlandsområdet har *dl* (*adle*). Isoglossane følgjer utan unntak her kommu-



negrensene, jf. kart 3 nedafor som er eit nyteikna utsnitt av det nemnde kartet i HC69.



Kart 3: Utviklinga av norr. *ll*

Kartet i HC69 avvik på eit sentralt punkt frå det tilsvarende kartet (i mindre målestokk) i Christiansen 1946–48 (s. 171). Medan varianten *dd* i HC69 går sør til og med Laudal og Konsmo, er det i Christiansen 1946–48 eit skravert område i tillegg, med den tilhøyrande teksten “*dd* viker for *ll*” (ibid.). Denne skraverte delen dekkjer eit område frå om lag Konsmo-Laudal og ut til kysten kringom Mandal, men denne utbreiinga er ikkje omtalt i den tilhøyrande teksten. Det er også verdt å merke seg at kartet i Christiansen 1946–48 har eit anna skravert område, i delar av Telemark, med den forklarande teksten “*ll* med spor av *dd*” (ibid.). Medan den skraverte delen på Vest-Agder-kysten altså er teken bort i HC69, står dette Telemark-området også der, men då med teksten “*ll*, men *dd* i

enkelte ord, helst stedsnavn (dd vikende)” (s. 8). Kva grunnlaget er for desse skilnadene mellom karta, er det ikkje råd å sjå.

#### 4.1 Amund B. Larsen

Amund B. Larsen er ikkje like presis når det gjeld utbreiinga av varianter av gno. *ll* (Larsen 1890–91), heller ikkje er fenomenet med på kartet i Larsen 1892. Om varianten *dl* seier han at den er “gjennemgående også i Dalerne [i Rogaland] og helt til Siredal” (1890–91: 236). Vidare nyttar han gardsnamn for å slå fast at varianten *dd* har vore “herskende” i “lavere egne mellem Mandal og Flekkefjord” (ibid.). Han gjev då døme frå Herad og Liknes i Kvinesdal, men legg så til: “I sådanne kyst- og fjordbygder hersker denne overgang ikke længer i appellativer, men lidt oppe i de tilsvarende dalfører er den gjerne i fuld kraft” (ibid.). Om kysten heilt i vest er han usikker, og tilsynelatande gissar han litt:

I Vanse [på Lista] synes det normale *ll* at være fuldstændig gjenindført også i gårdsnavnene, om dets anvendelse ellers der har været rystet. For Nes og Hitterø [dvs. Hidra], Bakke og Gyland viser gårdsnavnene ingen antydning til *dd* for *ll*; måske har de ligesom Siredal *dl*? (Ibid.)

Larsens beskriving er såpass upresis og usikker at ho ikkje er mogleg å bruke som grunnlag for å teikne eit dialektkart, og det er ikkje rimeleg at kartet i HC69 byggjer på dette; utteikninga ville då i beste fall ha vore kvalifisert gissing. Når det gjeld kartet i Christiansen 1946–48 (s. 171), samsvarer forsåvidt den skraverte delen ut mot kysten med Larsens opplysningar om at *dd* finst i gardsnamn, men plasseringa samsvarer ikkje. Larsen peiker på områda mellom Mandal og Flekkefjord, medan det skraverte området på kartet berre dekkjer mandalsdistriktet.

#### 4.2 Hans Ross

Ross skriv at varianten *ll* er å finne “fraa Finnsland Oust te Aamlid, baae mereikna” (1909: 55). Vidare nemner han stutt ordforma *kjedding* og gardsnamna *Haddeland* og *Kaddeland* (i Norvegia-skrift) “ei 7–9 kil fraa havet i Holum, Øyslebø o fl.” (ibid.). Seinare, under bolken “Vestegde-maal”, skriv han fylldigare og meir detaljert (s. 76):

*ll* ette stutt sjølvljod er i ljdsterk staving *dl* i Vest [...]: i Dalføre aat Sira, i Nes prestegeld o i Gyland sokn. Oustanfyre Flikkefjord er de i strandbyg-dinne *ll*, sameleis i de meste av Finnsland o Honnes; i dei øvre bygdir er de

*dd* [...]: i Fjotland, Hægebostad prestegjeld, Bjelland me Grindum, Aaserall, Loudal o Nørdre Oudndal.

Når det gjeld varianten *dd*, samsvarer kartet i HC69 relativt godt med desse siste opplysningane. Likevel er Vigmostad markert med varianten *ll* på kartet, medan Ross' "Nørdre Oudndal" helst omfattar både Konsmo og Vigmostad (jf. Helland 1903: 4). Når Ross i tillegg nemner *kjedding* og gardsnamna *Haddeland* og *Kaddeland* i Holum og Øyslebø (s. 76), kan dette ha vore grunnlag for det skraverte området i Christiansen 1946–48, som markerer at "*dd* viker for *ll*" (s. 171).

Vidare er samsvaret også mangelfullt når det gjeld varianten *dl* i vest. Ross nemner her dalføre til elva Sira, og det kan passe på Bakke, Tonstad og Øvre Sirdal, som alle har varianten *dl* på kartet i HC69. Samsvar er det også for Gyland, men når me kjem i sør, blir det uklart. Nes var på Ross' tid hovudsokn i Flekkefjord prestegjeld, som omfatta sokna Hitterø og Nes (jf. Helland 1903: 5). Om Ross då meiner at *dl*-varianten gjeld både Nes og Hidra, eller berre førstnemnde, er uråd å seie, men han er i alle fall tolleg på line med Larsen, som jo gissa om dette området (1890–91: 236). Uansett er det ei opplysning me ikkje finn att i HC69, for der er både Hidra og Nes markerte med *ll*.

#### 4.3 *Torleiv Hannaas*

Ifølgje Hannaas finst *dl* i "Nes, Gyland og Sirdal", og han er med det på line med Ross. Om varianten *dd* seier han i første omgang ikkje anna enn at "formene med *dd* rår no i fjellbygdene frå Fjotland til Vest-Telemark" (1925: 22). Det ser då ut til at han siktar til levande bruk, men dei geografiske opplysningane er lite presise.

Vidare går Hannaas inn på ein del gardsnamn som syner at utbreiinga til *dd* kan ha vore større i tidlegare tider. Han nemner då namn ifrå Halse, Holum, Øyslebø, Finsland, Laudal, Vigmostad, Sør-Audnedal, Å (i Lyngdal) og Herad (ibid.). Somt av dette passar med det skraverte området i Christiansen 1946–48 (s. 171), men Hannaas' døme frå Herad og Lyngdal ligg for langt vest til å kome med i skraveringa.

#### 4.4 *Synopsisen i Norsk Målførearkiv*

Opplysningane i synopsisen er svært samansette, men poenget her er å sjå om HC kan ha nytta denne kjelda i arbeidet med kartet. Synopsisen har bortimot 20 ordformer som kan få variasjon mellom *ll*, *dl* og *dd*, til

dømes *fjell*, *troll* og *ull*, henta frå Storms *Kortere Ordliste* (Storm 1884, §6, §10, §11). Ifølgje oppskriftene i synopsisen har Øyslebø, Laudal, Bjelland og Sør-Audnedal varianten *dd* berre i ordet *kjedding* (kjerring). Vidare er det to oppskrifter frå Vigmostad, éi som syner gjennomført *dd* og éi som syner variasjon mellom *dd* og *ll*. Desse opplysningane finn me ikkje att på kartet i HC69, der Vigmostad, Sør-Audnedal og Øyslebø har *ll*, og Laudal og Bjelland har *dd*.

Når det gjeld variantar og variasjon vest i fylket, er oppskriftene i synopsisen desse: Nes med gjennomført *ll*, Hidra manglar, Gyland med variasjon mellom *dl* og *ll*, Bakke 1 (éi av to oppskrifter) med det same, Bakke 2 med gjennomført *dl* og Øvre Sirdal med gjennomført *dl* (Tonstad manglar). Denne fordelinga *kan* vere grunnlag for avgrensinga av området med varianten *dl* på kartet i HC69, då med den føresetnaden at variasjon mellom variantane er tolka som at *dl* er på retur (det gjeld Bakke og Gyland), noko som då også inneber at *dl* er rekna som den tradisjonelle varianten (om ikkje den eigentleg opphavlege). Ut ifrå dette kan delar av synopsisen ha vore grunnlag for kartet i HC69, især sidan ein her får tydeleg fram at Nes ikkje har *dl*, slik dei gamle granskarane hevda. På den andre sida ville det ha vore underleg om HC berre brukte somme av opplysningane frå synopsisen og såg bort ifrå andre når ho eventuelt justerte grensestreke på kartet.

I Hoff 1967 [1981] er det publisert to kart frå NMA, eitt som syner "Altnorwegisches *ld* und *ll*" (1981: 262–63), og eitt som syner "Palatales und dentales *ll*" (1981: 264–65). Begge karta er teikna av J.A. Schulze, og dei er daterte høvesvis 7. juni 1962 og 23. april 1965. Ein skulle tru at karta er teikna på grunnlag av synopsisen, og nesten alle oppskriftene frå fylket er daterte før 1965. Kartet frå 1965 har derimot ein isogloss der Nes og Hidra er plasserte i *dl*-området, noko som ikkje samsvarer med synopsisen og heller ikkje med HC69. På kartet frå 1962 er derimot dette uklart, sidan det er teikna inn to parallelle isoglossar, slik at dei to kommunane blir ramma inn. Grunnen er uviss. På dette kartet er derimot også *dd*-området avgrensa med isoglossar. Den eine av desse syner "Ostgrense des Überganges *ll* > [*d*:]" og har ei sørleg austgrense som ramar inn Grindheim, Konsmo og Vigmostad. Dette høver med synopsisen, men skil seg altså frå kartet i HC69, der også Bjelland og Laudal er med i *dd*-området. Den andre isoglossen som er teikna inn, går om lag i nord-sør retning endå lenger aust, og syner "Ostgrense der Relikte des Überganges *ll* > [*d*:]". Til dette reliktområdet høyrer då Søgne, Greipstad,

Øvrebø og Hægeland, og vidare går grensa gjennom Aust-Agder og opp i Telemark. Når det gjeld Vest-Agder, finn me ikkje dette på kartet i HC69, og området som dette gjeld, samsvarer heller ikkje med den omtalte skraveringa i Christiansen 1946–48. Kva som er grunnlaget for å plassere denne reliktgrensa så langt aust i Vest-Agder, er ikkje oppgjeve. Ein kunne gissa på stadnamn, men det er lite truleg. I *Norske Gaardnavne* 9 (NG) førekjem ikkje namn med *dd*-varianten i nokon av kommunane Søgne, Greipstad, Øvrebø eller Hægeland. Den austlegaste forekomsten er der uttalen av gardsnamnet *Kvelland* i Finsland (NG IX: 118). Derimot skulle ein kanskje tru synopsisen var grunnlaget for reliktgrensa, og då kan ein gissa på at det er tolkinga av ordforma *skoll* som ligg bakom. I synopsisen er nemleg ordet *skodda* (dvs. tåke, dis) ført opp med uttalen *skolla* i ei rad bygder i Vest-Agder. Dersom ein tenkjer seg forma som ein hyperkorreksjon frå ei tid då *dd* blei trengd attende, så er forma på sett og vis eit reliktfenomen. Og ser ein i synopsisen, så går austgrensa for forma om lag slik ho er teikna på kartet frå 1962, bortsett frå Vennesla, som ikkje er inkludert i området, men som også står oppført med *skolla* i synopsisen. Dette er omtalt i Frøyset 1957 (s. 298), og nettopp Frøyset, som i mange år var knytt til målførearkivet (jf. Hoff 1978: 5), kan godt ha hatt eit ord med i laget då kartet blei teikna. At grunnlaget for dette nok kan diskuteras, er for så vidt ei anna sak og ikkje tema her. Poenget får vere at karta frå NMA neppe har spelt noka særleg rolle for utarbeiding av kartet i HC69; til det er det for mange avvik i fleire retningar.

#### 4.5 *Myhre 1932 og Kydland 1940*

Ei anna kjelde HC vel så gjerne kan ha nytta for å plassere Nes og Hydra i *ll*-området, er Myhre 1932. Han skriv om “Hidrehei-målet” at gammalnorsk “*ll* lyder i mest alle ord der ljoden finst, som *ll*. Det må vera ei nylaging for eldre *dl*. Restar av det gamle målbruket er det i stadnamn og ord som liksom er gløynde att på eit eldre trin” (s. 5). Noko liknande les me i Kydland 1940, som meiner at måla i Nes og Feda “hev yngre *dl* for gamal *ll*” (s. 13).

#### 4.6 *Oppsummering*

Det som framstår som det viktigaste kjeldegrunnlaget for kartet for utviklinga av gno. *ll*, er framstillinga i Ross 1909. Det føreset at det helst er eit mistak at Vigmostad ikkje er komen med i *dd*-området, og det føre-

set at isoglossen mellom variantane *ll* og *dl* er blitt justert for Nes og Hidra på grunnlag av seinare kjelder. Mest sannsynleg er det då at Myhre 1932 og Kydland 1940 er nytta, sjølv om synopsisen i NMA også kan ha vore gløtta til. Men dersom synopsisen har spelt ei rolle i dette, er opplysningane der nytta selektivt, og det ville vore påfallande.

Kartet i HC69 har ikkje med det skraverete reliktområdet i mandalsdistriktet som finst på det tilsvarende kartet i Christiansen 1946–48 (s. 171). Det samsvarer for så vidt greitt med at Nes og Hidra heller ikkje er markerte som reliktområde, sjølv om dei moglege kjeldene påstår at dei er det. Derimot verkar det underleg når det andre reliktområdet i midtre Telemark er blitt ståande i den nyaste utgåva. I HC69 står det om dette området: “ll, men dd i enkelte ord, helst stedsnavn (dd vikende)”. Dette er nettopp ein karakteristikk som gjeld for mandalsdistriktet, slik Ross framstiller det (1909: 76), og sidan Ross elles framstår som den mest aktuelle kjelda for utforminga av kartet, verkar fjerninga av det skraverete området nokså merkeleg. Resultatet blir ein inkonsekvens i framstillinga, eitt reliktområde er blitt markert, eit anna, tilsvarende område, er blitt utelate, trass i at det er velkjent frå eldre kart.

## 5 Kart for “Oppmyking av p t k” i Vest-Agder

HC69 har eit kart som syner utbreiinga av såkalla “Oppmyking av p t k”, det vil seie overgangen *p, t, k > b, d, g*, i nyare tid helst kalla *lenisering* (Sandøy 1996: 152, Skjekkeland 1997: 111). Ei populær nemning er *blaute konsonantar* om *b, d, g*, i motsetnad til *harde konsonantar* om *p, t, k*. Kart 4 nedafor er eit nyteikna utsnitt av det aktuelle kartet i HC69.

Ifølgje kartet er leniseringa utbreidd i nesten heile Vest-Agder. Det er berre i nordaust at leniseringa ikkje finst: Åseral, Eiken og Grindheim er dei einaste kommunane som ikkje er råka av innovasjonen i det heile, Hægeland er delt om lag på midten, og i Bjelland er det lenisering i eit mindre område i sør. Rett nok er kartet i HC69 i svært liten målestokk, men dei innteikna isoglossane er klare nok, også når dei deler kommunar. Kva er så grunnlaget for dette kartet?



Kart 4: Lenisering av *p, t, k* til *b, d, g*

### 5.1 Amund B. Larsen

Om den geografiske utbreiinga av innovasjonen skriv Larsen at han “her-sker” i

[...] Tveit, Oddernes, Øvrebø, Søgne, Mandal, Holme, Finsland – og en del af hovedsognet Bjelland, S. og N. Undal; vestenfor næsset [Lindesnes] mangler der endnu en del af Lyngdals dalføre, kanskje omtrent fra Hægebostad kirke, og (ifølge sogneprest Eieslands meddelelse) i Kvinas dalføre nogle av Fjotlands øverste gårde på, at de bløde konsonanter er gjennomførte helt op til fjeldet. (1890–91: 231f.)

For områda aust for Lindesnes er det rimeleg å tru at Larsen siktar til sokn og prestegjeld, og då blir ikkje HCs kart så avvikande som det først kan sjå ut til: Øvrebø prestegjeld omfatta sokna Hægeland, Øvrebø og

Vennesla, Holme prestegjeld omfatta sokna Holme (Holum), Øyslebø og Laudal, og Nordre Undal prestegjeld omfatta sokna Vigmostad og Konsmo (jf. Helland 1903: 4). På HCs kart er derimot Hægeland delt, noko det ikkje er grunnlag for hos Larsen. Han seier heller ikkje kva for ein del av Bjelland som har lenisering. Lengre vest nemner Larsen “Hægebostad kirke” som mogleg grenseområde. Denne kyrkja ligg litt sør for midten av den gamle kommunen, men på HCs kart er heile Hægebostad markert med lenisering. Alt i alt synest ikkje Larsen å ha vore kjelda for utteikninga av kartet i HC69, i alle fall ikkje når det gjeld detaljane i det.

### 5.2 *Hans Ross*

Ifølgje Hans Ross finst leniseringa ikkje i Eiken, nordre delen av Hægebostad, Grindheim, Bjelland, Åseral og ein del av Hægeland (1909: 18). Så nemner han også at det kan vere “villraad” om bruken somme stader, og gjev Hægebostad som døme (s. 17), og at ein langsetter grensa kan “høyra millomljodar, dei halvt klangføre B, D, G ell dilike” (s. 17). Dette gjev han seinare døme på frå “synnste luten i Bjelland” (s. 18).

Ser me på HCs kart, går isoglossen gjennom Hægeland, som Ross seier, så sjølv om han ikke opplyser kvar grensa går, *kan* opplysningane vere henta frå han. Det same gjeld at han presiserer at det er den *sørlege* delen av Bjelland som er overgangsområde, nett slik kartet viser. Derimot gjentek Ross om lag det same som Larsen, at novasjonen ikkje finst i den nordlege delen av Hægebostad. Dette er ikkje kome med på kartet, som med det ikkje verkar å vere teikna på grunnlag av Ross’ tekst; i så fall er opplysningane hans nytta selektivt.

I det eine kartet til Ross (1909: vedlegg) er også isoglossen for lenisering teken med, og der går faktisk grensestreken ikkje så avvikande frå HCs kart. Imidlertid er Ross’ kart ganske stilisert og grovteikna, ikkje minst sidan tre grensestrekar her skal ha plass ved sida av kvarandre. Kartet samsvarer derfor ikkje heilt med detaljane i teksten hans, men ein kan ikkje avvise at det er brukt som grunnlag for HCs kart, sjølv om det altså ikkje er særleg detaljert.

### 5.3 *Torleiv Hannaas*

Hannaas nemner nokså kort at det berre er “dei øvste fjellbygdene i austholva [av Vest-Agder] som hev halde uppe dei harde konsonantane: Åseral, Grindheim, Bjelland, dei nørdeste gardane i Hægeland, og heile Eiken” (1925: 22). Bortsett frå Bjelland, er dette i godt samsvar med HCs kart.



Såleis blir det mogleg å tenkje seg ein kombinasjon, der delar av kartet er teikna på grunnlag av Larsen/Ross og delar på grunnlag av Hannaas. Det ville likevel vere underleg å leggje meir vekt på Hannaas' framstilling for utbreiinga i Hægebostad enn på dei to hine, som er på line med kvarandre og meir geografisk spesifikke.

#### 5.4 *Synopsisen i Norsk Målførearkiv*

I synopsisen er Hægeland delt i tre. For nedre Hægeland er det mest oppgeve leniserte former, og somme former med ustemte *b, d, g* (markerte med liten ring under, jf. Nes 1982: 29). For øvre og vestre Hægeland er det heller få oppføringar, men for den øvre delen er formene stort sett ikkje leniserte, for den vestre er det noko variabelt. Når det gjeld Bjelland, er nær sagt alle former førte med *b, d, g*, men då med kapitel-skrift (t.d. *gaDa, viDa*). Dette markerer helst at lydane er 'halvstemte', sidan det samsvarar med Ross' måte å skrive slike på ("dei halvt klangføre B, D, G ell dilike", Ross 1909: 17). Vidare er det i synopsisen ikkje oppskrift frå Konsmo, medan oppskrifta frå Grindheim skal vere frå 1964/65, etter Olav Hårtveit. Han fører berre opp former med *b, d, g*, dei aller fleste markerte som ustemte. Når det så gjeld Hægebostad og Eiken, er dei områda førte konsekvent med ikkje-leniserte former. Oppskriftene er frå høvesvis 1958 og 1953. Elles er Åseral utan lenisering i synopsisen, medan Fjotland har novasjonen gjennomført.

For å summere opp når det gjeld desse grenseområda: Ifølgje synopsisen skulle både Bjelland og Grindheim vere overgangsområde for lenisering, til dels også Hægeland, sjølv om grensa her synest tydelegare. Lengre vest står både Hægebostad og Eiken utan lenisering, og isoglossen burde derfor ha følgt den administrative grensa, ifølgje synopsisen. I det heile er det med dette fleire avvik på kartet i HC69, i og med at både Bjelland og Grindheim der står utan leniserte former, medan Hægebostad tvertom står med lenisering. Synopsisen synest med dette ikkje å ha vore grunnlag for kartet.

#### 5.5 *Andre moglege kjelder*

Inger Frøyset skriv i 1957 at "Hægeland har 'harde' konsonantar frå Eikeland oppetter, men det er mykje blanding i overgangsstroka" (s. 296). Såleis *kan* Frøyset vere kjelde for delinga av Hægeland på HCs kart. I Hårtveit 1966 kan me lese at "Grindheimsmålet har halvstemte konsonatar" (s. 5), nett slik forfattaren markerte det i synopsisen. Dette blei

rett nok skrive etter at Hallfrid Christiansen var død, men altså før karta blei publisert. Uansett er ikkje Hårtveits opplysningar komne med.

### 5.6 Oppsummering

Det er vanskeleg å sjå noko klart kjeldegrunnlag for utteikninga av kartet for “Oppmyking av p t k” i Vest-Agder. Ein kan rett nok gisse seg fram til moglege kombinasjonar av aktuelle kjelder, men så mykje anna enn spekulasjon blir det vel strengt tatt ikkje. I så fall ville nok Larsen 1890–91 og Ross 1909 vere naturlege utgangspunkt, i tillegg til at visse opplysningar er justerte seinare på grunnlag av andre, spreidde kjelder. Men det er uansett eit problem kvifor Hægebostad er markert med lenisering når både Larsen 1890–91 og Ross og dei fleste andre kjelder seier det motsette. I det heile synest kartet å vere teikna noko vilkårleg, om det då ikkje er mistak som er årsaka til avvik som ein ikkje kan forklare.

## 6 Avsluttande drøfting

I dei seinare tiåra har interessa for den detaljerte geografiske variasjonen vore dalande, og tradisjonell dialektologi er komen noko i miskreditt. Dette skuldast endring og utvikling i talemåla, men også at dagens talemålsforskning ikkje deler dialektologiens teori- og metodegrunnlag i eitt og alt. Talemålsvariasjon er sjeldan geografisk abrupt, og det er etter dagens syn høgst diskutabelt å visualisere han som enkle strekar på kart.

Trass i dette vil det frå ein moderne ståstad vere naturleg å vente at dei tradisjonelle dialektkarta har grunnlag i kjelder, at dei byggjer på ei eller anna form for realia. Og det vil vere naturleg å vente at dialektkarta syner dette på nøyaktig vis, ikkje minst med tanke på den interessa nordmenn – både lek og lærd – har (hatt) for språklege detaljar, jamfør til dømes at heimfesting av dialektar har vore både fjernsynsunderhaldning og nytta som skoleoppgåver. Når det gjeld målførekartet i HC69, gjev dei også i seg sjølv inntrykk av nøyaktigheit ved at isoglossane går i mange bukter, ofte tvers gjennom eldre, ørsmå kommunar. Gjennomgangen ovafor syner at det likevel er vanskeleg å finne fram til kjeldene for dei karta som framstår som dei viktigaste i norsk dialektologi. I somme tilfelle må karta seiast å vere feilaktige, i den tydinga at det kjeldegrunnlaget – slik me har tilgang til det i dag – seier noko anna. I andre tilfelle er det nærliggjande å tru at ulike kjelder er nytta på ymse selek-

tive måtar, utan at det er gjort greie for prinsipp for seleksjonen. Det kan vere at ein har teke omsyn til nyare, skriftlege opplysningar om einskilte dialektar, eller det kan tenkjast å byggje på munnlege opplysningar. Uansett årsak får ein inntrykk av ein nokså vilkårleg framgangsmåte når det gjeld utforminga av karta.

No er det ikkje meininga her å kritisere Hallfrid Christiansen for desse karta, ho var død fem år før Norsk Målførearkiv publiserte dei. Hadde ho visst kor viktige dei skulle kome til å bli for dialektologiske framstillingar i Noreg, hadde ho kanskje protestert. Me får nesten tru det. Ei anna sak er forholdet mellom hennar forelegg/utkast og det endelege resultatet: I kva grad forelegga blei følgde, og kor detaljerte dei var, det veit me ikkje. Heller ikkje handlar det så mykje om kor korrekte karta er; det er ikkje så lett å slå fast likevel, sidan me i dag ser noko annleis på geografisk variasjon, isoglossar og innsamlingsprinsipp for talemålsdata. Det handlar meir om at det datamaterialet som me trudde låg bak karta, dels er fråverande, dels at bruken av det er forvirrande og uklår.

På denne bakgrunnen er det uheldig at Hallfrid Christiansens målførekart er blitt så viktige for seinare framstillingar av norske dialektar. Det syner at dialektologien har vore relativt sterkt prega av 'tradering', på den måten at fagets akkumulerte kunnskapsmasse ofte er blitt teken for 'god fisk' av lærebokforfattarar og andre som har formidla han vidare. Rett nok er det ei velkjend sanning at det tek tid å få ny vitskapleg innsikt inn i skolen og lærebøkene, men her er det meir tale om at eldre innsikt heller ikkje har fått den plassen han kunne og burde ha fått. Det er også påfallande at det er Norsk Målførearkiv som står som utgjevar av desse karta, all den stund dette var den institusjonen som hadde dei beste føresetnadene for å byggje på tilgjengelege kjelder. Det ser ut til at dei synoptiske oversyna for Vest-Agder låg føre nærast i si noverande form i 1969, og i alle fall var oppskriftene dei byggjer på, mest alle komne inn til arkivet innan då. Granskinga har derimot vist at desse oversyna har hatt lite og ingenting å seie for utteikninga av karta.

No kan ein kanskje innvende at snart er alt dette ikkje så nøye lenger; karta syner i stor grad språklege relik, og dei endringane som skjer med moderne norske talemål, gjer at denne tradisjonelle måten å skildre språkleg variasjon på, blir mindre og mindre relevant. Likevel vil kunnskapen bli liggjande der, i det minste som museal dokumentasjon for korleis forholda ein gong var. Og karta, dei har i denne samanhengen ein sterk tendens til å dra til seg merksemda, sidan dei forenkler og gjev raskare overblikk enn

det verbale tekstar gjer. Karta gjev seg ut for å vere modellar som har grunnlag i innsamling og vitskapleg gransking, og det er derfor uheldig om fagtradisjonen nyttar modellar som ikkje har dette grunnlaget.

Så kan ein spørje korleis 'offisielle' dialektkart for Noreg burde ha vore i staden. Spørsmålet er kontrafaktisk og derfor noko problematisk å stille. Ei anna innvending er det at nyare talemålsforskning ikkje deler den tradisjonelle dialektologiens syn på språkleg variasjon, og sjølve det å teikne dialektkart er frå ein moderne ståstad ein nokså diskutabel praksis. Likevel bør ein kunne hevde at også dei tradisjonelle karta ikkje berre burde ha vore tufta på empiri i alle detaljar, men også at det i alle tilfelle gjekk klart fram kva som var det empiriske grunnlaget. Døme på slike kart finn me i Venås 1967 og 1974, som gjeld høvesvis sterke og linne verb i norske målføre, og det var også målet for dei karta som etter planen skulle utgjere *Norsk dialektatlas* (Hoff 1960, jf. kap. 1), eit prosjekt det altså ikkje blei noko av. Hoff skisserer ein plan der ein nokolunde einheitleg synopsis skulle vere grunnlag og kjelde for utforminga av karta i atlaset. Det var eit poeng at dette empiriske grunnlaget skulle vere synkront, det vil seie at det skulle gje att språklege variantar i bruk innafor eit avgrensa tidsrom; Hoff nemner her at det meste av tilfanget er samla inn i perioden 1945–1959 (ibid.: 597). Empirien frå ulike geografiske område ville dermed blitt mogleg å samanlikne på ein heilt annan måte enn tilfellet er med karta i HC69. Ser ein derimot nærare på kart-eksempla Hoff presenterer i artikkelen, ser ein at dei er det Chambers & Trudgill kallar "interpretative maps" (1998: 25), det vil seie 'fortolka'. Variasjonen er her markert med isoglossar, noko som inneber at ein reknar bestemte variantar som typiske, opphavlege eller mest utbreidde for bestemte geografiske område. Alternativt kunne ein ha teikna "display maps", som "simply transfer the tabulated responses for a particular item onto a map, putting the tabulation into a geographical perspective" (ibid.). Dette kan til dømes gjerast ved at kvar informant og hans eller hennar språklege variant blir representert med ulike grafiske symbol, til dømes ein sirkel for variant A, ein fylt sirkel for variant B, ein trekant for variant C og så bortetter. Denne typen kart gjev så eit mogleg grunnlag for å teikne isoglossar, som altså vil vere ei form for tolking av empirien. Ifølgje Chambers & Trudgill har "display maps" vore det vanlegaste i internasjonal dialektologi, medan "interpretative maps" meir har vore nytta i sekundære studiar (ibid.). *Norsk dialektatlas* synest derimot ikkje å ha vore planlagt etter dette mønsteret.

## Litteratur

- Askeland, Norunn m.fl. 1996. *Tekst i tale og skrift. Innføring i tekstarbeid i lærarutdanninga*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Beito, Olav T. 1973. *Norske målføretekster*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Berg, Tove og Reidunn Guldal. 1985. *Alle tiders norsk. De språklige emnene 1.–3. årstrinn. Studieretning for allmenne fag*. [Oslo:] Aschehoug.
- Bonde, Elin m.fl. 1998. *Pegasus. Norsk for 9. klasse. Språk og litteratur*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Braunmüller, Kurt. 1998. *De nordiske språk*. Oslo: Novus.
- Chambers, J.K. & Trudgill, Peter. 1998. *Dialectology*, 2nd ed. Cambridge: Cambridge University Press.
- Christiansen, Hallfrid. 1946–48. *Norske dialekter I–III*. Oslo.
- . 1969. *Norske målførekart*. [Oslo.]
- Foldvik, Arne Kjell. 1988. “Spredning av skarring i Norge i løpet av om lag 70 år.” *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 55–61.
- Frøyset, Inger. 1957. *Torridalsmålet*. [Særtrykk av: Kristiansand kommune ved ei nemnd (utg.): *Torridal sorenskriveri*, 287–325. Kristiansand.]
- . 1969. *Målføra i Manddalen*. [Særtrykk av: Nemnda for felles sogebok Mandal og Marnardal kommuner (utg.): *Det tidligere Mandal prestegjeld*, 391–443. Mandal: Frithjof Salvesens trykkeri.]
- Hannaas, Torleiv. 1925. “Vestegde-målet.” I Hans Aall m.fl. (utg.): *Norske bygder. Vest-Agder 1*, 20–32. Bergen: John Grieg.
- Helland, Amund. 1903. *Topografisk-statistisk beskrivelse over Lister og Mandals amt 1*. Kristiania: Aschehoug.
- Helleland, Botolv og Eric Papazian. 1973. “Oss sei oss, oss.” *Lærestoff og tekster til serie på 10 program om norske målføre*. Oslo: NRK – Skoleradioen.
- . 1981. *Norsk talemål*. Oslo: NRK – Skoleradioen.
- . 2005. *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høgskoleforlaget.
- Hoff, Ingeborg. 1960. “Norsk dialektatlas. Foredrag i Norsk Forening for Språkvitenskap 3. nov. 1959.” *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* 19, 595–622.
- . 1967 [1981]. “Historisch-phonematische Mundartkarten. Mit 5 Karten.” *Zeitschrift für Mundartforschung*, 373–87. [Optrykt i Hoff, Ingeborg. 1981. *Opphav og samband. Utgreiingar om norske målføre*.

- Heidersskrift til Ingeborg Hoff på 70-årsdagen 15. november 1981*, s. 254–78. Oslo: Universitetsforlaget.]
- Hoff, Ingeborg (red.). 1978. *På leit etter ord. Heidersskrift til Inger Frøyset frå medarbeidarar og studentar*. Oslo – Bergen – Tromsø: Universitetsforlaget
- Hårtveit, Olav Torgny. 1966. *Stadnamn frå Grindheim*. [Upubl. hovudoppg.] Oslo: Universitetet i Oslo.
- Jahr, Ernst Håkon. 1986. “*Har det på tunga.*” *Kort innføring i norske dialektar*. Oslo: Novus.
- Jansson, Bente Kolberg m.fl. 2003. *Tema 3. Lærebok og tekstsamling. Norsk for VK2* [nynorsk]. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Kristoffersen, Gjert. 1985. “Om ei papirgrense og hvordan den kan ha oppstått.” I Tove Bull og Anton Fjeldstad: *Heidersskrift til Kåre Elstad*, 94–104. Tromsø: Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.
- Kydland, P. 1940. *Gylands-målet. Eit yversyn yver lødverket*. Oslo: Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Universitetet i Oslo.
- Larsen, Amund B. 1890–91. *Indberetning fra adjunkt Amund B. Larsen om reiser foretagne med offentlig stipendium i årene 1888-90 for at studere bygdemålene i Kristiansands stift*. Universitets og skole-annaler. Ny række. 5te aargang, s. 267–89, 6te aargang, s. 209–60. Christiania.
- . 1892. *Oversigtskart over visse dialektfenomensers udbredelse i Kristiansands stift*. Christianias videnskabs-Selskabs Forhandlinger 1892. No. 9. Christiania.
- Lunde, Peter. 1924. *Kynnehuset. Vestegdske folkeminne*. Kristiania
- Otnes, Hildegunn og Aamotsbakken, Bente. 1999. *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie*. Oslo: Det norske Samlaget.
- Myhre, Albert. 1932. “Um Hidrehei-målet.” *Grannen* 1–16.
- Nes, Oddvar. 1982. *Storms norske lydskriftsystem (med tillegg) definert ved hjelp av IPA’s lydskriftsystem* (4. utg.). Bergen: Universitetet i Bergen, Institutt for fonetikk og lingvistikk.
- NG = *Norske Gaardnavne. Oplysninger samlede til Brug ved Matrikelens Revision. Innledning og Bind I–XVIII*. Utg. Oluf Rygh m.fl. Kristiania 1897–1924.
- Norsk Målførearkiv: Synopsis. <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=145&tabid=2165>
- Norsk talemål på nett: <http://www.dialektxperten.no/index.htm>

- Ross, Hans. 1905–1909. *Norske bygdemaal* (Videnskabs-Selskabets Skrifter. II. Hist.-Filos. Klasse). Christiania.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- . 1996. *Talemål* [2. utg.]. Oslo: Novus.
- . 2003. “Språkendring.” I Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røynealand og Helge Sandøy: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*, kap. 10, 196–223. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Seip, Didrik Arup. 1915. *Lydverket i åsdølmålet*. Kristiania: Bidrag til nordisk filologi av studerende ved Kristiania universitet.
- Skjekkeland, Martin. 1977. *Målføre og skriftmål* [Førebels utgåve]. Oslo/Bergen/Tromsø: Universitetsforlaget.
- . 1978. “Noko om målet i Vest-Agder.” *Agder historielags årsskrift*, 115–37.
- . 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Storm, Johan. 1884. *Kortere Ordliste med Forklaring af Lydskriften*. Kristiania.
- Særheim, Inge. 1992. *Sirdal. Namn og stader. 1. Namnetolkingar*. Sirdal kommune: Kulturkontoret.
- Venås, Kjell. 1967. *Sterke verb i norske målføre. Morfologiske studiar*. Oslo: Universitetsforlaget.
- . 1974. *Linne verb i norske målføre. Morfologiske studiar*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Vigeland, Bjørn. 1995. *Norske dialektar. Oversyn, heimfesting og normalisering*. Oslo: Universitetsforlaget.

Rune Røststad  
Institutt for nordisk og mediefag  
Universitetet i Agder  
Postboks 422  
4604 Kristiansand  
Rune.Rosstad@uia.no